

USAs førstetjenar? Kinas dilemma i krise

Finanskrisa og den globale nedturen som vart resultatet, fekk mange til å lure på om ein utfordrar kunne stige opp som erstatning for USA som dominerande i den kapitalistiske verdsøkonomien.¹

Fordi finanskrisa i USA og Nord hadde opphav i stor gjeld, låg produktivitet og overforbruk, verka det naturleg å sjå på motsatsen for å finne sannsynlege kandidatar – dei austasiatiske eksportøkonomiane med store beholdningar av USA-gjeld, produksjonskapasitet og høg sparing. Straks etter at kollapsen til Lehman Brothers opna for den globale nedgangen, kom det proklamasjonar om den endelege triumfen til utviklingsmodellen i Aust-Asia, og framfor alt Kina. Kommentatorar i USA oppsummerte at det store krasjet i 2008 ville bli katalysatoren som flytta senteret i kapitalismen frå USA til Kina.²

Men våren 2009 hadde mange innsett at dei austasiatiske økonomiane ikkje var så sterke som ein hadde fått inntrykk av. Mens den brå nedgangen i importetterspørselen i Nord hadde fått dei asiatiske eksportørane til å krasjlande, så gav utsikten til at enten USAs statskasse eller dollaren skulle gå i botnen det vanskelege dilemmaet: enten kvitte seg med eigedom i USA, og dermed gi startskotet til kollaps for dollaren, eller kjøpe meir for å unngå umiddelbart sambrot, men utsette seg for auka risiko for det i framtida. Statlege investeringar som vart rulla ut seint siste året i megastimulanspakka til den kinesiske regjeringa, skapte markant innhenting i Kina så vel som for dei asiatiske handelspartnarane. Men det er usannsynleg at veksten som vart skapt, kan nærre seg sjølv til ny vekst. Kinesiske økonomar og politiske rådgivarar har uroa seg for at folkerepublikken vil vakle igjen når stimulanseffekten bleiknar, på same vis

som det er usannsynleg at forbrukarane i USA vil ta inn igjen slakken raskt. Trass i alt snakket om Kinas evne til å øydelegge dollarens status som reservevaluta og til å skape ei ny finansiell verdsordning, så har folkerepublikken og naboane få andre val på kort sikt enn å støtte USAs økonomiske dominans ved å gi meir kreditt.

I det følgande vil eg sjå på dei historiske og sosiale årsakene til at Kina og Aust-Asia har blitt stadig meir avhengige av forbrukar-marknaden i Nord som grunnlag for veksten, og på finansmarknaden i USA som lagringsplass for sparepengane sine. Eg vurderer så dei langsiktige sjansane for å bli uavhengige, og argumenterer at for å skape meir autonome økonomiar i Asia, må Kina omdanne ein eksportorientert vekstmodell – som i hovudsak har vore til fordel for og halde ved like av kapitalen i eksportområda på kysten – til ein vekst driven av innanlands forbruk, gjennom storskala omfordeling av inntekt til landsbygda og jordbruket. Men det vil ikkje vere mauleg utan å bryte det grepet den urbane kysteliten har på makta.

Tigrar og gjess

Historia om den raske veksten etter krigen i Japan og dei fire tigrane – Sør-Korea, Taiwan, Hong Kong og Singapore – er vel kjent, og treng ikkje bli repetert her. Men om deira dynamiske vekst kan hengast på statens sentrale rolle som tildelte dyrebare ressursar til strategiske industrisektorar, så er det like viktig å forstå at det var den kalde krigens geopolittikk i Aust-Asia som i utgangspunktet gjorde det mauleg med utviklingsstatar her. Det var faktisk ein varm krig som gjekk føre seg i Aust-Asia under den kalde krigen. Kommunist-Kinas støtte til geriljarørsler og deltaking i krigane i Korea og Vietnam hadde ført regionen inn i ein permanent nødtilstand, og Washington

Hung Ho Fung

Ho-fung Hung er assisterende professor ved Department of Sociology, Indiana University, Bloomington.

såg Aust-Asia som den mest sårbare delen av kjeden som skulle stanse kommunismen. USA såg sine asiatiske nøkkelallierte – Japan og dei fire tigrane – som for viktige til å mislykkast, og gav dei rikeleg med finansiell og militær hjelp for å bråstarte og gi retning til industriell vekst, og marknaden i Europa og USA halde vidopne for asiatiske produserte varer. Denne tilgangen til vestlege marknader skapte ein ekstra fordel som andre utviklingsland ikkje hadde, og utan den er det utenkeleg at dei asiatiske økonomiane ville hatt slik suksess. Sett i det lyset er den raske økonomiske veksten i Aust-Asia langt frå noko «mirakel». USA skapte den som del av forsøk på å skape underordna og framgangsrike bolverk mot kommunismen i den asiatiske Stillehavsregionen. Det var aldri meininga at desse økonomiane skulle utfordre dei geopolitiske og geoøkonomiske interessene til USA. Dei var underordna klientar som hjelpte Washington å realisere planane sine for regionen.


Organiserte i eit mangfaldig nettverk av underleverandørar med sentrum i Japan hadde dei asiatiske eksportøkonomiane ulike delar av verdikjeden. Dei spesialiserte seg på varer med spesifikk inntjening og ulikt teknologisk innhald. Japan satsa på varer med høg verdiskaping, dei fire tigrane på produkt på mellomnivå, og dei oppstigande tigrane i søraustasia på arbeidsintensive lågkostprodukt. Dette berømte flygande gjessmønstret utgjorde eit nettverk av pålitelege produsentar av eit breitt spekter forbruksvarer til den første verda.

Då den kalde krigen byrja tine på 1980-tallet, steig statsgjelda og underskotet til USA som resultat av nyliberale skatteutt og auka militærutgifter den siste etappen av den kalde krigen. I staden for å bryte ut av USA-dominansen, så knytta dei asiatiske økonomiane seg tettare til USA ved å finansiere det himmelhøge tvillingunderskotet.

Den eksportorienterte industrialiseringa i Aust-Asia hadde vore para med lågt innlands konsum. Handelsoverskotet og høg sparerate gjorde desse landa i stand til å bygge seg opp solid finansiell kraft i form av store utanlandsreservar. Fordi dei såg statsobligasjonar frå USA som tryggaste finansinvesteringa, plasserte dei fleste austasiatiske eksportørane frivillig dei oppsamla kontantane sine i slike obligasjonar med låg avkastning, og gjorde seg til USAs viktigaste kreditorar. Då dei finansierte USAs handelsunderskot, gav det næring til USAs appetitt på asiatisk import, og stadig aukande asiatisk handelsoverskot førte til kjøp av enno fleire statsobligasjonar i USA. Desse gjensidig forsterkande prosessane gjorde Aust-Asia enno meir avhengige av USA marknadsmessig og finansielt. Det forlenga den skjøre framgangen mens USAs hegemoni byrja sprekkje.

Marknadsreformene i Kina byrja på 1980-talet og akselererte på 90-talet og omdanna landet til ein forseinka asiatisk tiger. Mange spådde at landet ville vere i stand til å bryte ut av den doble asiatiske bindinga til USA – fordi landet var geopolitisk sjølvstendig, og fordi landet demografisk og økonomisk var eksepsjonelt stort. Men så langt har ikkje Kina fridd seg frå trælrollerolla med å forsyne USA med billig kreditt og billig import. Verre er at intensiteten i den eksportleia vekstmodellen og i dempinga av det private konsumet har gjort Kina marknadsmessig og finansielt enno meir avhengige av USA enn forgjengarane. Om me samanliknar dei viktigaste sidene av Kinas politiske økonomi med dei same i nabolanda på same utviklingsstadium, finn me at den kinesiske modellen i hovudsak er ein ekstrem kopi av tidlegare austasiatisk vekst. Figur 1 viser at Kinas økonomi har blitt stadig meir avhengig av handel, målt som total eksportverdi i prosent av BNP, det har stige kontinuerleg til eit nivå utan

Figur 1. Eksport som del av BNP i austasiatiske økonomiar 1965 - 2004




* Øvrige Aust-Asia viser gjennomsnittet for Japan, Sør-Korea og Taiwan, og har ikkje med Hong Kong og Singapore på grunn av ein stor del transitthandel i desse økonomiane.
Kjelde: Verdsbanken og Taiwan Economic Data Center, AREMOS database.

sidestykke i dei andre austasiatiske økonomiane. På den andre sida har vekta av det private konsumet i prosent av BNP gått ned, til eit nivå godt under det i nabolanda då dei starta sitt løp (figur 2, neste side). Som tabell 1 (neste side) indikerer, er USA den eine viktigaste eksportmarknaden for Kina, som for Japan og dei asiatiske tigrane før dei. Først nyleg har EU målt som eit heile passert USA her. Kina har alt blitt den viktigaste asiatiske leverandøren til USA.

Den drastiske ekspansjonen til den kinesiske eksportindustrien er ikkje bare årsaka til den kometaktige økonomiske veksten, men òg den globale finansielle makta gjennom auka handelsoverskot. Som vist i figur

3 er Kinas utanlandsreservar no godt over reservane til sine austasiatiske naboar. Så langt har Kina som dei andre eksportørane investert mesteparten av sparepengane i statsobligasjonar i USA. Rett før gjeldskrisa var Kina blitt den største eksportøren til USA og samtidig den største kreditoren, og finansierte USAs likviditetsunderskot slik at dei kunne halde ved like importen (sjå figur 4, neste side). Mens Kinas billige varer bidrog til å senke inflasjonen i USA, så førte dei massive kjøpa av statsobligasjonar til redusert avkastning og dermed redusert rente i USA. Gjennom det utvikla Kina seg dei siste åra til å bli den viktigaste grunnlaget for økonomisk vitalitet i USA.

Figur 2. Privat forbruk som del av BNP i dei austasiatiske økonomiane




* Øvrige Aust-Asia viser gjennomsnittet for Japan, Sør-Korea, Taiwan, Singapore og Hong Kong. Kjelde: Verdsbanken og Taiwan Economic Data Center, AREMOS database.

Tabell 1. Austasiatisk eksport til USA og verda (billionar dollar)

	1985		1995		2005	
	USA	Verda	USA	Verda	USA	Verda
Kina	2,3	27,3	24,7	149	163,3	762,3
Japan	66,7	177,3	122	443,3	136	594,9
Sør-Korea	10,8	30,3	24,3	131,3	41,5	284,3
Taiwan	14,8	30,7	26,4	113	29,1	198
Hong Kong	9,3	30,2	37,9	173,6	46,5	289,5
Singapore	4,8	23	21,6	118,2	23,9	207,3

Kjelde: IMF's handelsstatistikk og Taiwan Economic Data Center AREMOS database.

Figur 3. Utanlandske valutareservar i Aust-Asia som prosent av BNP



* Øvrige Aust-Asia viser gjennomsnittet for Japan, Sør-Korea, Taiwan, Singapore og Hong Kong. Kjelde: Verdsbanken og Taiwan Economic Data Center, AREMOS database.


Landbrukskrise

Kinas evne til å innføre ei ekstrem utgave av den austasiatiske eksportleia vekstmodellen dei tri siste tiåra heng både på verdskonjunkturane og Kinas heimlege politiske økonomi. For det første fall Kinas arbeidsintensive oppstart saman med starten på ein frihandelsekspansjon frå 1980-talet utan sidestykke. Om det ikkje hadde vore for utflyttinga av industri frå landa i Nord og deira stigande appetitt på billige industrivarer, kunne ikkje Kina eksportert seg til velstand. Viktigare, Kinas uvanlege konkurransevne er i hovudsak grunna på langvarig stagnasjon i industrilønningane samanlikna med andre asiatiske land på same utviklingsnivå.

Mange hevdar at Kinas konkurranse-

dyktige lønningar kjem av politikken med fast valutakurs som undervurderer eigen valuta i stor grad. Andre påstår at Kinas store overskot av arbeidskraft på landsbygda gjorde dei i stand til å drive med «ubegrensa» tilgang på arbeidskraft mykje lenger enn andre asiatiske økonomiar. Men nærmare gransking viser at begge desse forklaringane er utilstrekkelege. Først, som figur 5 viser, er skilnaden mellom Kinas lønnsnivå og nabolandas mykje større enn det som kan forklarast med ein undervurdert valuta. Jamvel om yuanen blei skrive opp 20 til 30 prosent i høve til dollaren – slik mange kritikarar av Kinas valutamanipulasjon i USA går inn for – så ville kinesiske lønningar framleis ligge markant lågare. For det andre er ubegrensa tilgang på arbeidskraft ikkje

Figur 4. Aust-Asia og Kinas del av USAs langsiktige statsgjeld i prosent




Kjelde: US Treasury.

eit naturfenomen på grunn av den kinesiske befolkningsstrukturen slik det så ofte blir trudd. Det er snarare ein konsekvens av regjeringas politikk for landsbygda og landbruket som bevisst eller ikkje gjør landsbygda konkurs og skaper ein kontinuerleg flukt frå landsbygda.

Knyttinga mellom denne politikken og lågt lønnsnivå kan illustrerast ved å sette utviklinga på landsbygda i Kina opp mot utviklinga i Japan, Sør-Korea og Taiwan. Dei hadde au stor befolkning på landsbygda og landbrukssektoren då det økonomiske oppsvinget der starta. I etterkrigstidas Japan styrte det regjerande Liberaldemokratiske partiet aktivt ressursar til landsbygda ved

infrastrukturtiltak, finansiering av utviklings-tiltak for landbruket, subsidiar til bruka og toll på utanlandske produkt. I Sør-Korea sette Park-regimet i verk den nye landsbyrørsla (Saemaul Undong) tidleg på 1970-talet, med store finansielle ressursar til å oppgradere infrastrukturen på landsbygda, finansiere mekanisering av landbruket, og bygge opp utdanningsinstitusjonar og kooperativ på landsbygda. Desse tiltaka vart ein markant suksess: dei auka hushaldningsinntektene på landsbygda frå 67 prosent av den i byane i 1970 til 95 prosent i 1974, og så godt som fjerna inntektsgapet mellom by og land.³ På Taiwan førte Kuomintang-regjeringa ein liknande politikk på 1960- og

Figur 5. Industrierbeidarlønn i Austasia i prosent av lønn i USA



Kjelde: US Bureau of Labor, Foreign Labor Statistics (Japan og dei asiatiske tigrane); China Statistical Yearbook.

70-talet i tillegg til medvitne forsøk på å fremme industrialisering på landsbygda. Den desentraliserte strukturen som vart resultatet, gjorde at dei taiwanske bøndene periodevis kunne jobbe i fabrikkar i nærleiken utan å slutte i jordbruket for godt eller migrere til større byar. Det bidrog til å halde attende ein betydeleg del av arbeidskrafta i landsbyane, og gav grunnlag for ei meir balansert utvikling mellom by og land. På 1960- og 70-talet var gjennomsnittsinntekta alltid over 60 prosent av byane. Med ein slik politikk er det ikkje overraskande at overskotet av arbeidskraft på landsbygda tørka fort ut og at industrilønningane skaut i veret i desse landa.

Grunnane til at slik politikk blei ført, varierte. I Japan var landsbygdveljarane til LDP så viktige at det forklarar korfor LDP var opptatt av utvikling på landsbygda. For dei høgereorienterte autoritære regima i

Sør-Korea og Taiwan var utvikling på landsbygda og i landbruket ein måte å minimere den sosiale uroa som vanlegvis følger industrialisering, og hindre at venstresida fekk innpass på landsbygda. Det var òg ein avgjørande måte å sikre tilgangen på mat i den kalde krigens tid. I motsetning til det har den industrielle utviklinga i Kina sidan midt på 1980-talet vore mykje meir ubalansert enn den i Japan, Sør-Korea eller Taiwan. Dei siste tjue åra har den kinesiske regjeringa i hovudsak konsentrert investeringane i byane og den industrielle sektoren, spesielt i kystområda, slik at investeringar på landsbygda og i landbruket heng etter. Statseigde bankar har også konsentrert finansieringstiltaka sine i by- og industriutvikling, mens landsbygda og landbruket har blitt neglisjert. Dei to siste tiåra har per capita-inntekt på landsbygda aldri vore over 40 prosent av nivået i byane.

Skeivfordelinga til fordel for byane kom i det minste delvis på grunn av dominansen til ein mektig by-industriell elite i dei sørlege kystregionane – ein elite som vaks fram etter at Kina vart integrert i verdsøkonomien, som utvida sine finansielle ressursar og politiske maktstilling med eksportboomen, og blei stadig dyktigare til å forme politikken til sentralregjeringa til sin fordel. Etter ei undersøking nyleg har KKP's "elitefraksjon" – sett saman av høgtstående leiarar med karrierer i kystregionane og i handels- og finansadministrasjon – kontroll over fleire plassar i politbyrået enn rivalane i "populistfraksjonen", som har sterkare band til innlandsprovinsane. Sjølv om Hu Jintao, den noverande statsleiaren, er leiar for populistfraksjonen, så har Xi Jinping – valt av partiet til å ta over etter Hu i 2012 framfor Hus eigen favoritt – vore leiar i kystprovinsane Fujian og Zhejiang, og er ein av toppfigurane i elitefraksjonen.⁴ Den aukande makta deira sikra at det vart lagt større vekt på eksportretta konkurransevne og å trekke til seg utanlandske investeringar enn på utvikling i jordbruket. Opprøra i byområde i 1989 – som resultat av hyperinflasjon og synkende levestandard i dei store byane – gjorde bare parti og stat meir oppsette på å trygge økonomisk framgang i storbyområde på kostnad av landsbygda på 1990-talet.

Resultatet av skeivfordelinga til fordel for byane har vore relativ økonomisk stagnasjon på landsbygda og medfølgande knapp finanstilgang for styresmaktene på landsbygda. Frå 1990-talet av har nedgangen i inntekter i landbruket og øydelegginga av kollektiveigd industri på landsbygda – småby- og landsbyselskapa som på kraftfullt vis skapte arbeidsplassar på eit tidleg stadium av marknadsreformane – tvinga dei fleste yngre arbeidstakarane på landsbygda til å dra til byane, og skapte ein vond sirkel som har påskynda sosial krise på landsbygda.


Men jordbrukssektoren i Kina blei ikkje bare neglisjert, han blei au utbytta til fordel for urban vekst. Ei undersøking nyleg fann at det var ei langvarig og aukande netto overføring av ressursar frå landsbygda og landbruket til byane og industriell sektor mellom 1978 og 2000, både gjennom den økonomiske politikken (via skattlegging og statlege investeringar) og finanssystemet (via avsetningar og lån).⁵ Unntaka frå den trenden var åra økonomien i byane hadde ein midlertidig nedgang, som i etterdønningane av den asiatiske finanskrisa i 1997–98. (Sjå figur 6.)

Slik er den bybaserte utviklingsmodellen årsaka til Kinas langvarige «grenselause» tilgang på arbeidskraft, og dermed for stagnasjonen i lønningane som har kjenne teikna det økonomiske miraklet. Det ligg au bak Kinas veksande handelsoverskot, som er kjelda til større global økonomisk makt. Men dei låge lønningane og låg levestandard på landsbygda som er resultatet av denne utviklingsstrategien, har hemma innanlandsk forbruk og gjort landet meir avhengig av forbrukaretterspørsel i Nord, som i sin tur i stadig sterkare grad er bygd på massive lån frå Kina og andre asiatiske eksportørar. Etter som desse andre eksportørane har blitt integrert med den kinesiske eksportmaskina i eit regionalisert industrielt produksjonsnettverk, har den sårbare kinesiske økonomien gjort heile den austasiatiske regionen mindre robust.

Sinosentrisk ufridom

På 1990-talet har Kina gradvis etablert seg som den mest konkurransedyktige eksportøren i Asia, på enkle produkt til teknologisk avanserte. Som følge av det vart dei andre – medrekna Japan og dei opprinnelege fire tigrane, saman med ei gruppe nye i Sørøstasia som Malaysia og Thailand – sett

Figur 6. Total pengeoverføring frå landsbygda til byane (milliardar yuan i konstante prisar)



Kjelde: Huang, Rozelle og Wang: *Fostering or stripping Rural China*.

under intenst press for å tilpasse seg. Kinas konkurransevne førte til at mange eksportprodusentar flytta dit frå andre stader i Asia. Ei melding i *Economist* i 2001 merka seg korleis naboane til Kina reagerte med «uro og desperasjon»:

«Japan, Sør-Korea og Taiwan fryktar ei undergraving av industrien sin når fabrikkar flyttar til lågkost-Kina. Sørøstasia uroar seg for 'skeiv' handels- og investeringsstraum ... Kina er ikkje ei (flygande) gås ... fordi dei lagar enkle og avanserte varer på same tid, bleier og mikrokretsar ... (Dei) lagar varer over heile verdikjeden, i ein skala som styrer prisane på verdsnivå. Derfor er Austasia engsteleg. Om Kina er meir effektive i alt, kva blir det att å gjøre for Kinas naboar?»⁶

Det er ganske visst slik at Kinas naboar restrukturerte eksportindustrien sin grundig for å minimere direkte konkurranse med Kina, og for å tjene på Kinas framgang. Under det gamle industriregimet i Austasia hadde dei ulike landa eksportert spesifikke grupper av ferdige forbruksvarer. No byrja desse landa å auke delen av avanserte komponentar (Korea og Taiwan) og kapitalvarer (Japan) i eksporten til folkerepublikken.

Som tabell 2 indikerer, passerte eksporten frå Sør-Korea, Hong Kong og Taiwan til Kina den til USA det siste tiåret, mens eksporten frå Japan og Singapore raskt nærma seg same nivå som eksporten til USA. I 2005 var den regionale asiatiske

Tabell 2. Eksport til Kina og USA i prosent av totaleksporten

	1985		1995		2005	
	Kina	USA	Kina	USA	Kina	USA
Japan	7,1	37,6	5	27,5	13,5	22,9
Sør-Korea	0	35,6	7	18,5	21,8	14,6
Taiwan	0	18,1	0,3	23,3	22	14,7
Hong Kong	26	30,8	33,3	21,8	45	16,1
Singapore	1,5	21	2,3	18,3	9,5	11,5

Kjelde: IMF's handelsstatistikk og Taiwan Economic Data Center AREMOS database.

japanske flygande gås-modellen erstatta av eit sinosentrisk produksjonsnettverk der Kina eksporterte mest ferdige forbrukarvarer til Nord på vegner av sine asiatiske naboar som forsynte Kina med nødvendige delar og maskiner dei kunne sette saman. Denne strukturen kan ein sjå på som eit lag av tjenarar med Kina i spissen, som leier dei andre i å forsyne USA med billige eksportvarer og brukar dei hardt opptjente sparepengane til å finansiere USAs kjøp av denne eksporten.

Regional integrasjon i Austasia syner seg tydeleg i sambandet mellom opp- og nedturar i kinesiske eksporttal og tala til naboane. Til dømes er den asiatiske opphentinga etter finanskrisa i 1997–98 og Japans nye vekst etter 2000 i det minste delvis knytt til at den kinesiske boomen absorberte komponentar og kapitalvarer frå desse landa. Då den noverande krisa byrja utvikle seg og forbrukaretterspørselen i USA starta falle raskt hausten 2008, bråfall den asiatiske eksporten straks, mens eksporten i Kina fall tilsvarende først om lag 3 månader seinare. Grunnen til forseinkinga var at fallet i asiatiske eksport i hovudsak var ein funksjon av

ordredgang på delar og kapitalvarer frå Kina, fordi dei venta nedgang i ferdigvarer frå USA og andre dei kommande månadene. Begrensingane i den kinesiske utviklingsmodellen – alt for avhengige av forbruk i Vesten og elendig vekst i heimemarknaden – gjør uunngåeleg dei asiatiske partnerane sårbare, alle desse økonomiane blir utsette for alle større fall i forbruksetterspørsel i Nord. Den kinesiske utviklinga treng derfor ein ny balanse, det er ikkje nødvendig bare for ein bærekraftig økonomisk vekst, men au for den felles framtida for Austasia som ei integrert økonomisk blokk.

Hinder for ny balanse

Regjeringane i Kina og Austasia har tatt i bruk valutaresservane sine for å kjøpe USAs gjeld, ikkje bare for å få trygge og stabile vinstar, men au som del av medvite forsøk på å finansiere USAs aukande likviditetsunderskot, og på den måten sikre kontinuerleg vareetterspørsel frå USA. Men underskotet kan ikkje stige i det uendelege, og kan til slutt ende med at dollaren eller marknaden for statsobligasjonar kollapsar, og ei endring

i rentene som gjør slutt på forbruksfesten i USA. Det ville ikkje bare vere eit dødeleg slag for den kinesiske eksportmaskina, men også desimere deira økonomiske makt gjennom ei drastisk devaluering av eksisterande investeringar.

Før den noverande krisa eksperimenterte den kinesiske regjeringa med ulike måtar å spreie og auke avkastinga på utanlandsreservane. Dei prøvde investere i utanlandske aksjefond, og med statlege oppkjøp av multinasjonale selskap, men mest alt endte som pinlege mistak. Dei var mindre resultat av dårlege investeringar enn den føringa som låg i dei eksepsjonelt store utanlandsreservane, som gjør det vanskeleg for Beijing å gå fritt inn og ut av visse finansielle produkt utan å forstyrre verdsmarknaden. På same tid vil Kinas oppkjøp av store utanlandske selskap sannsynlegvis utløyse proteksjonistiske eller nasjonalistiske mottiltak. Resultatet er at Kinas oppkjøp utanlands for det meste har vore synkande selskap på desperat jakt etter kjøparar. Desse hindringane for risikospreiing var tydelege då Lenovo gjorde det ulønsame oppkjøpet av pc-produksjonen til IBM. Lenovo er eit stort dataselskap knytt til den kinesiske regjeringa. Det er synleg i det massive tapet det kinesiske investeringselskapet utsette seg for då dei kjøpte Blackstone i 2007, og framveksten av antikinesiske haldningar i Australia som følge av forsøket det statseigde aluminiumsselskapet Chinalco gjorde på å kjøpe seg kraftig opp i det største australske gruveselskapet Rio Tinto. Kinas hamstring av importert olje og andre varer for å stå mot stigande råvareprisar, førte også til betydelege tap då prisane sank kraftig i etterdønningane av krisa.


I tillegg til å utsette landet for skiftingane i verdsmarknaden har Kinas eksportorienterte modell ramma forbruket drastisk. Som skrive tidlegare har Kinas konkurranseevne på verdsmarknaden vore bygd på langvarig

lønnsstagnasjon, som i sin tur kom av ei jordbrukskrise på grunn av ein bybasert politikk. Framfor å dele meir av profitten med tilsette og heve levestandarden deira, har den blomstrande eksportsektoren spart brorparten av overskotet i selskapa, som no utgjør ein stor del av samla sparing nasjonalt. Som figur 7 (neste side) viser, gjekk lønningane ned som del av BNP frå seint på 1990-talet, saman med eit fall i det private forbruket. Desse to nedgangstendensane står i sterk kontrast til stigande profitt i selskapa. Sjølv om forbruket har stige nominelt, har det stige langt mindre enn investeringane (sjå figur 8, neste side).

Desse kutta i privat forbruk har ikkje bare gjort det vanskeleg for produsentar for heimemarknaden å bli kvitt varelagra sine, det har også gitt frustrasjon til mange utanlandske selskap med høge forventningar til Kinas påstått gigantiske marknad. Sjølv om Kina alt er etablert som ein stor kjøpar av kapitalvarer, komponentar og naturressursar frå Japan, Sørøstasia, Brasil og andre stader, så har Kina enno stort potensiale for import av forbrukarvarer frå utvikla og industrialiserte land. *The Economist* klagde på vegner av desse skuffa utanlandske investorane over at «marknaden vil vise seg å vere mindre enn venta og ta lengre tid å utvikle. Fordi så mange utanlandske selskap strøymer på, blir konkurransen sannsynlegvis forferdeleg ... Korleis kan utanlandske selskap få akseptabel avkastning i Kina?»⁷ I same gate, når det viste seg at kinesisk etterspørsel etter bilar hadde vakse mykje saktare enn produksjonskapasiteten i sektoren, erkjente *Forbes Magazine* at «auka konkurranse i Kina har ført til overkapasitet i produksjonen og rask nedgang i profitten til bilprodusentane, til eit nivå omlag på linje med resten av verda, på 4 til 6 prosent.»⁸

I eit forsøk på å starte tiltak for å stabilisere utviklinga i Kina – statsminister Wen

Figur 7. Lønn, profitt og privat forbruk i prosent av BNP




Venstre akse: lønn og kompensasjonsnivå; høgre akse: profittnivå.

Kjelde: China Statistical Yearbook.

Jiabao kalte ho i 2007 for «ustabil, ubalansert, ukoordinert og på skrøpeleg grunn» – her den sentrale regjeringa under Hu Jintao og hans «populistiske» allierte sidan 2005 freista gi næring til forbruket innanlands ved å auke den disponible inntekta til bøndene og arbeidarane i byane. Den første bølga av slike initiativ omfatta fjerning av skatt i jordbruket og auka statlege innkjøpspriser på landbruksvarer. Jamvel om desse

tiltaka for å heve levestandarden på landsbygda ikkje var meir enn små steg i rett retning, kom resultatet umiddelbart. Lett forbetra tilhøve på landsbygda seinka strømmen til byane, og brå arbeidskraftmangel og lønnsauke blei resultatet i dei eksportretta kystsonene. Det fekk mange økonomar til å erklære at det lewisianske vendepunktet – der overskotet av arbeidskraft på landsbygda er oppbrukt – til slutt var nådd.⁹

Figur 8. Vekst i investeringar og forbruk 1980 - 2008



På same vis som Kinas «uavgrensa» tilgang på arbeidskraft meir var ein konse-kvens av politikk enn av fysiske føresetnader, var det lewisianske vendepunktet faktisk resultat av statlege forsøk på å snu ei bybasert utvikling framfor ein prosess driven av den usynlege handa til marknaden. Som ein følge av stigande inntekter for bøndene og industriarbeidarane skjedde ei stigning i detaljhandelen utan sidestykke, sjølv justert for inflasjonen. (Sjå figur 9.) Men ikkje før regjeringa hadde tatt dei første stega mot

innanlands forbruksdriven vekst, så klaga kapitalistane i eksportsektoren på kysten høglytt over forverra utsikter. Dei ba om kompensasjonstiltak for å sikre konkurranseevna, og prøvde å sabotere vidare initiativ på å heve levestandarden til arbeidarklassen, slik som den nye arbeidslivslova – som ville auke lønningane og gjøre det vanskelegare å sparke dei – og den styrte vurderinga av yuanen.

Då den globale krise slo til og den kinesiske eksportmaskina flata ut, la Kina straks

Figur 9. Årleg prosentvis vekst i detaljhandelen 1986 - 2008



Kjelde: China Data Center

opp ei gigantisk stimulansepakke på 570 milliardar US-dollar (medrekna både statlege utgifter og målretta lån frå statseigde bankar) i november 2008. Mange hylla frå starten den massive intervensjonen som eit gyllent høve for å sette fart på rebalanseringa av kinesisk økonomi med vekt på innanlands forbruk. Dei venta at stimulansepakka prinsipielt ville bestå av sosiale tiltak – som finansiering av medisinsk forsikring og trygdeutbetalingar – noko som ytterlegare

ville heve disponibel inntekt og dermed kjøpekrafta til dei arbeidande klassane. Men ikkje meir enn 20 prosent av stimulansepakka gjekk til sosiale tiltak. Mesteparten gjekk til investeringar i maskiner og utstyr i sektorar som alt hadde overkapasitet, som stål og sement, og til bygging av verdas største lyntogsystem, med usikker lønsemnd og nytteverdi.¹⁰ Utan særleg støtte til velferdstiltak eller små og mellomstore arbeidsintensive bedrifter vil tiltakspakka

bare skape avgrensa forbetringar i disponibel inntekt og sysselsetting. Enno verre, tilsynelatande skrekkslått av det brå fallet i eksportsektoren, trakk sentralregjeringa attende rebalanseringstiltaka, og tok opp att ei rad eksportfremmande tiltak, som rabatt på meirverdiskattar og stans i den styrte valutaverdien. Produsentane i desse sektoren brukte jamvel krise til å kreve den nye arbeidslova frå 2007 sett til sides for at dei skulle overleve.¹¹

Trass i imponerande beløp vil stimulansepakka bety lite for å fremme det innanlandske forbruket og slik gjøre Kina mindre avhengig av eksport. Sjølv om store delar av pakka var retta mot vestlege provinsar for å minske utviklingsgapet mellom kyst og innland, så har den i hovudsak kapitalintensive byorienterte veksten som pakka har fremma, faktisk forverra polariseringa mellom by og land (sjå tabell 3). Mens dei tungt bybaserte investeringane i maskiner og utstyr heldt fram, auka kløfta mellom by og land igjen etter stimulansepakka, mens ho hadde minka etter 2005. Det har sett ein brems på den relative levestandardsveksten på landsbygda etter 2005, som hadde ført til svak vekst i innanlandsforbruket.

Det den massive pengebruken faktisk gjør, er å halde økonomien i toppgir med ein statsleia investeringssjutt på kort sikt, mens ein ventar på at eksportmarknaden skal snu. Sommaren 2009 viste tala at pakka framgangsrikt hadde stansa det frie fallet i den kinesiske økonomien, og skapt ein svak oppgang. Men på same tid er nær 90 prosent av veksten i BNP dei første sju månadene av 2009 skapt bare av investeringar i maskiner og utstyr betalt av ein låneeksplosjon og auka statlege utgifter.¹² Mange av desse investeringane er ineffektive og generelt ulønsame (sjå tabell 3, neste side). Om eksportmarknaden ikkje snur i tide, vil nedgangen i statsinntektene,

uproduktive lån og overkapasitetsproblemet skape større nedgang på litt lengre sikt. Med orda til ein framstående kinesisk økonom er megastimuleringspakka som «å drikke gift for å døyve tørsten».¹³

Utsiktene

I løpet av dei to siste tiåra har Kina utvikla seg til sluttprodusent og eksportør i eit austasiatisk produksjonsnettverk. Dei har au oppnådd status som USAs største kreditor, og blitt landet med størst reservar av utanlandsk valuta, og demonstrert potensialet som marknad for verda i tillegg til å vere verkstaden hennar. Slik er Kina godt posisjonert til stake ut ein ny regional og global økonomisk orden ved å hjelpe Asia og Sør til å gjøre seg uavhengige av marknad og pengar frå Nord og spesielt USA.

Men Kinas potensiale til å leie er langt frå verkeleggjørt. Så langt har folkerepublikkens strategi med å låne til USA for å fremme kjøp av kinesisk eksportvarer bare gjort både Kina og underleverandørane deira meir avhengige av forbrukarane i USA og landets statsobligasjonar, og gjort dei sårbare for all turbulens i internasjonal økonomi. Kinas langvarige konkurransevne som eksportør er basert på ein utviklingsmodell som driv landsbygda konkurs, og forlengar den uavgrensa tilgangen på lågt betalte migrasjonsarbeidarar til eksportorienterte kystregionar. Det resulterande og evig aukande handelsoverskotet kan blåse opp Kinas finansielle makt, men den langvarige stagnasjonen i lønningane hindrar vekst i forbruket i Kina. Den noverande finanskrisa som har øydelagt forbrukaretterspørselen i Nord og gjort ein kollaps i marknaden for statsobligasjonar og dollaren i USA meir sannsynleg, er eit forseinka signal om at det krevst ei alvorleg kursendring.

Beijing veit godt at vidare oppsamling av

Tabell 3. Urban dominans og fallande lønnsemd etter stimulansepakka

	2005	2006	2007	2008	2009
By-land: investeringar i fast eigedom	5,6	5,7	5,9	6,1	5,9*
By-land: prosentvis per capita inntektsvekst	3,4	3	2,7	0,4	3,1*
Profittvekst i industrien	17,4	31	36,7	4,9	-10,6**

* Tall frå dei første seks månadene av 2009.

** Talla for dei første åtte månadene samanlikna med same periode året før.

Kjelde: National Bureau of Statistics of China

utanlandsreservar verkar mot føremålet, etter som det ville auke risikoen knytt til det Kina alt eig, eller føre til flytting til enno meir risikoutsette plasseringar. Regjeringa veit au godt at det er behov for å gjøre landet mindre avhengig av eksport og å stimulere veksten i innanlandsk etterspørsel ved å auke den disponible inntekta til dei arbeidande klassane. Ei slik kursendring må innebære å flytte ressursar og politiske tyngde bort frå kystbyane over til baklandet på landsbygda, der langvarig sosial marginalisering og underforbruk har skapt godt rom for forbetringar. Men kapitalistane som har slått rot gjennom fleire tiår med eksportleia utvikling, gjør det til ei skremmande oppgave. Tjenestemenn og entreprenørar frå kystprovinsane som har blitt ei mektig gruppe i stand til å forme politikk og tiltak frå sentralregjeringa, er så langt urokkeleg mot all slik nyorientering. Denne dominerande fraksjonen i den kinesiske eliten, som eksportørar og kreditorar i verdsøkonomien, har etablert eit symbiotisk forhold med den herskande klassen i USA, som har gjort sitt beste for å halde på sitt innanlandske hegemoni ved å sikre levestandarden til borgarane

i USA, som forbrukarar og låntakarar. Trass i sporadisk kiv delar dei to elitegruppene på begge sider av Stillehavet interesse i å bevare evig sitt respektive innanlandske status quo, så vel som den noverande ubalansen i verdsøkonomien.

Utan at det blir ei grunnleggande politisk omgruppering, som flyttar maktbalansen frå den urbane eliten på kysten til krefter som representerer interessene til grasrota på landsbygda, er det sannsynleg at Kina vil halde fram med å føre andre asiatiske eksportørar i iherdig arbeid for – og som gissel for – USA. Det anglo-saksiske etablissementet har nyleg blitt meir respektfulle mot dei asiatiske partnarane, og har invitert Kina til å bli «aksjeeigar» i ein «KiAmerikansk» global orden, eller «G2». Det dei meiner er at Kina ikkje skal sitte uroleg i båten, men halde fram med å bidra til USAs økonomiske dominans (kanskje til gjengjeld for større omsyn til Beijings interesser i Tibet og Taiwan). Det ville sette Washington i stand til å kjøpe seg dyrebar tid for å sikre kommandoen over nye sektorar i verdsøkonomien gjennom lånefinansierte statlege investeringar i grønn

teknologi og andre innovasjonar, og dermed endre eit sjukdomsplaga overherredømme til eit grønt hegemoni. Det ser ut til å vere det Obama-administrasjonen satsar på som sitt langsiktige svar på den globale krise og nedgåande amerikansk makt.

Om Kina skulle reorientere utviklingsmodellen sin og få større balanse mellom innanlands forbruk og eksport, ville dei ikkje bare frigjøre seg frå å vere avhengige av den samanfallande forbrukarmarknaden i USA og misbruket av risikable lån til USA. Men det ville vere til fordel for produsentar i andre asiatiske land som er like ivrige etter å sleppe bort frå desse farane. Viktigare, om andre veksande økonomiar skulle gjøre liknande nyorienteringar og Sør-Sør-handel utvikla seg, då kunne dei bli forbrukarar for kvarandre, og gå inn i ein ny æra med autonom og rettferdig vekst i Sør. Men inn-til det skjer er ei resentrering av den globale kapitalismen frå Vest til Aust og frå Nord til Sør – i etterdønningane av den globale krise – lite anna enn ønsketenking.

(Artikkelen til Hung Ho-Fung, 'America's Head Servant' sto første gang i *New Left Review* 60, side 5–25. Trykkes i *Rødt!* med tillatelse fra *New Left Review*. Artikkelen er oversatt til norsk av Gunnar Danielsen.)

Notar:

1. Ein tidlegare versjon av denne avhandlinga blei presentert på konferansen til ære for Giovanni Arrighi den 25. – 29. mai 2009 på Universidad Nómada og The Museo Nacional Centro de Arte Reina Sofía, Madrid. Eg er takknemlig for kommentarar frå deltakarane der.
2. Sjå Roger Altman, 'The Great Crash, 2008: A Geopolitical Setback for the West', *Foreign Affairs*, januar-februar 2009.
3. John Lie, 'The State, Industrialization and Agricultural Sufficiency: The Case of South Korea', *Development Policy Review*, vol. 9, no. 1, 1991, pp. 37–51.
4. Cheng Li, 'One Party, Two Coalitions in China's Politics', Brookings Institute, 16. august 2009.
5. Huang Jikun, Scott Rozelle og Wang Honglin, 'Fostering or Stripping Rural China: Modernizing Agriculture and Rural to Urban Capital Flows', *The Developing Economies*, vol. 44, no. 1, 2006, pp. 1–26.
6. 'A panda breaks the formation', *Economist*, 25. august 2001.
7. 'A billion three, but not for me', *Economist*, 18. mars 2004.
8. 'Speed Bumps for Automakers in China, India', *Forbes*, 26. mars 2007.
9. Cai Fang og Du Yang, red., *The China Population and Labor Yearbook*, vol. 1, Leiden 2009.
10. 'Siwanyi neiwai' (Innanfor og utanfor dei fire tusen milliardane), *Caijing*, 16. mars 2009.
11. Sjå 'Jiuye xingshi yanjun laodong hetong fa chujing ganga' (Alvorleg arbeidsløyse set arbeidslivslova i fare), *Caijing*, 4. januar 2009.
12. 'Zhongguo gdp zengzhang jin 90 % you touzi ladong' (Nær 90 prosent av Kinas vekst i BNP kom frå investeringar), *Caijing*, 16. juli 2009.
13. Xu Xiaonian frå den kinesisk-europeiske bedriftsskolen i Shanghai, sitert i 'China Stimulus Plan Comes Under Attack at "Summer Davos"', *China Post*, 13. september 2009.

Det alle miljøforkjempere bør vite om kapitalismen

For den som bryr seg om jordens skjebne, har tiden kommet for å ta innover seg fakta: ikke bare den dystre realiteten når det gjelder klimaendringene, men også det presserende behovet for endring av samfunnssystemet.

For den som bryr seg om jordens skjebne, har tiden kommet for å ta innover seg fakta: ikke bare den dystre realiteten når det gjelder klimaendringene, men også det presserende behovet for endring av samfunns-systemet. At man ikke lyktes i å komme frem til et globalt kompromiss om klima i København i desember 2009 innebar ikke bare at en frasa seg å lede verden, slik det ofte blir antydnet. Mer grunnleggende sett skyldes det at det kapitalistiske systemet er ute av stand til å gripe inn i forhold til den økende trusselen mot livet på planeten.

Kunnskap om naturen og grensene for kapitalismen, og hva som skal til for å oppheve den, har derfor blitt et spørsmål om å overleve eller ikke. I desember 2009 sa Fidel Castro det slik:

«Fram til nylig har diskusjonen (om fremtiden til verdenssamfunnet) dreid seg om hva slags samfunn vi ville ha. I dag dreier diskusjonen seg om menneskesamfunnet vil overleve.»¹

I. Den globale økologiske krise

Det fins en overflod av bevis for at menneskene i tusenvis av år har forårsaket miljø-ødeleggelser. Like siden antikken har avskoging, jorderosjon og oppsamling av salt i jord som vannes kunstig vært et problem. Platon skrev i *Critias*:

Fred Magdoff

er professor emeritus i plante og jordvitenskap ved Universitetet i Vermont. Han har blant annet *The ABC of the Economic Crisis* med Michael Yates, Monthly Review Press, 2009.

John Bellamy Foster

er redaktør av *Monthly Review* og professor i sosiologi ved Universitetet i Oregon. Den siste boken hans er *The Ecological Revolution*, Monthly Review Press, 2009.

«Hvilke bevis kan vi gi for at den (jorden i nærheten av Athen) ... nå bare er en skygge av hva den en gang var? ... Dere har igjen (som små øyer) noe som er ganske likt et skjellett av et legeme som er skrumpet inn på grunn av sykdom; det rike, myke jordsmonnet er helt vekk og etterlater seg ikke annet av jorden enn skinn og bein. Men i de tider da denne skaden ennå ikke hadde skjedd, var åsene, de høye toppene og fjellsletten i Phellus dekket med rik jord, og fjellene var dekket av tett skog som det er noen rester igjen av i dag. For noen fjell, der bare bier kan leve i dag, produserte for ikke så lenge siden trær som man kunne bruke til takbjelker i store bygninger som fremdeles står. Og der var mange høye plantete trær som hadde ubegrensede mengder med mat til dyr. Jordsmonnet dro fordel av en årlig nedbør som ikke rant av den bare jorden til ingen nytte, slik den gjør i dag, men som ble sugd opp i store mengder og lagret i lag med leire, slik at det som sank ned i de høyere områdene fløt nedover i dalene og kom frem alle steder som en mengde elver og kilder. Og de hellige bygningene som fremdeles overlever ved disse tidligere kildene, er bevis på sannheten i den historien om landet som vi forteller nå.»²

I dag er vi som bebor jorden, blitt mange flere. Teknologiene våre kan gjøre større skade raskere, og det økonomiske systemet vårt kjenner ingen grenser. Den skaden som gjøres er så omfattende at den ikke bare utarmer lokale og regionale økologiske systemer, den påvirker også hele klodens miljø.

Grunnene til at vi, og mange med oss, er bekymret over den raske utarming av jordens miljø, er mange og gode. Global oppvarming på grunn av menneskeskapt økning i drivhusgasser (CO₂, metangass, N₂O, osv.) holder på å destabilisere klimaet på jorden – med fryktelige virkninger for mesteparten av de levende vesener og menneskeheten selv – er nå stadig mer sannsynlig. Gjennom de 130 årene vi har hatt instrumentelle temperaturmålinger på

verdens-basis, har hvert tiår vært varmere enn det før, med 2009 som det nest varmeste året og 2005 som det varmeste.³ Klimaendringer skjer ikke gradvis, som langs en linje. Den er ikke-linær, med alle slags forsterkende, tilbakevirkende mekanismer og vippepunkter. Det fins allerede klare tegn på akselererende problemer som ligger foran oss. Blandt disse finner vi:

- Den arktiske (nordpol) isen som smelter om sommeren, gjør at den mørke havflaten erstatter den hvite isen. Dermed reflekteres mindre sollys, og den globale oppvarmingen øker. Satellittbilder viser at på seinsommeren i 2007 var den arktiske isen 40 % mindre enn mot slutten av 1970-tallet, da de nøyaktige målingene startet.⁴

- Eventuell nedsmelting av iskapene over Grønland og landmassene ved Sydpolen på grunn av den globale oppvarmingen vil gi heving av havnivået. Skulle havet stige med bare 1 til 2 meter vil det være ødeleggende for hundrevis av millioner mennesker i lavtliggende land som Bangladesh og Vietnam og i mange øystater. At havet stiger noen få meter i hundreåret, er ikke uvanlig i perioden etter en istid. Dette må derfor betraktes som en mulighet, når vi tar den globale oppvarmingen med i beregningen. I dag bor mer enn 400 millioner mennesker i områder som ligger lavere enn fem meter over havet, og går vi opp til 25 meter, dreier det seg om en milliard.⁵

- Den raske minskningen av verdens fjellbreer. Mange av disse vil stort sett være borte i løpet av dette hundreåret dersom utslippene av drivhusgasser fortsetter som nå. Undersøkelser har vist at 90 % av verdens isbreer allerede minsker i takt med oppvarmingen av planeten. Isbreene i Himalaya gir vann til milliarder av mennesker i Asia gjennom tørketiden. Når breene blir mindre, vil vi få flom og akutt mangel på vann. I Andesfjellene smelter breene og

fører til flom i regionen. Men det mest presserende daglige og langsiktige problemet som henger sammen med at breer forsvinner, er mangel på vann.⁶

- Ødeleggende tørke som muligens vil spre seg til 70 % av jordarealet i løpet av flere tiår med normal utvikling (business as usual). Det viser seg allerede nord i India, i Nordøst Afrika og Australia.⁷

- Høyere innhold av CO₂ i atmosfæren kan øke produksjonen av noen jordbruksprodukter. Disse kan i neste omgang skades av et destabilisert klima som enten innebærer tørke eller svært våte forhold. I deler av Sørøst-Asia har man allerede registrert en nedgang i risproduksjonen per areal. En regner med at det skyldes høyere nattetemperaturer som får plantene til å «puste» mer om natten. Det betyr at de taper mer om natten enn de vinner på fotosyntesen i løpet av dagen.⁸

- Utrydding av plante- og dyrearter på grunn av endringer i klimasoner som går for fort til at de ulike artene kan flytte eller tilpasse seg. Dette kan føre til at hele økosystemer bryter sammen, og til at flere arter dør ut. (Se under for flere detaljer om utrydding av arter.)⁹

- Forsuring av havet er en konsekvens av økt karbonopptak som følge av den globale oppvarmingen. Dette truer marine økosystemer med sammenbrudd. Nylig er det funnet tegn som tyder på at et surere hav vil ha dårligere evne til å ta opp karbon. Dette innebærer en potensielt raskere oppbygging av karbondioksid i atmosfæren, noe som vil påskynde den globale oppvarmingen.¹⁰

De globale klimaendringene og konsekvensene av dem utgjør sammen med forsureningen av havet den alvorligste trusselen mot artene på jorden i dag, herunder også menneskene. Likevel er ikke dette de eneste alvorlige miljøproblemene. Luft og overflatevann forurenses av utslipp fra industrien.



Noen av disse utslippene er stoffer som stiger opp fra skorsteiner og blir til nedfall i jord og vann, andre siver ut i overflatevannet fra steder der de lagres. Mye fisk i ferskvann og saltvann er forurenset av kvikksølv og andre organiske, kjemiske stoffer fra industrien. Havet inneholder store «øyer» med avfall – «Lyspærer, flaskekorker, tannbørster, og slikkepinner ligger sammen med små biter av plast på størrelse med riskorn, i avfallsområdet i Stillehavet. For hvert tiår fordobles dette område i utstrekning og det antas allerede å være dobbelt så stort som Texas.»¹¹

I USA er drikkevannet til millioner av mennesker forurenset av ugressmidler som atrazin¹² samt nitrater og andre stoffer fra industrijordbruket. De tropiske skogene, som er de mest artsrike områdene i verden, blir ødelagt i høyt tempo. I Sørøst-Asia blir landområder omdannet til palmeoljeplanta-sjer som eksporterer råmaterialet for å lage biodrivstoff. I Sør-Amerika blir vanligvis regnskogen først til beitemarker og siden

brukt til produksjon av eksportvarer som soyabønner. Denne avskogningen anslås å stå for 25 % av alle menneskeskapt utslipp av CO₂.¹³ Ødelegging av jord på grunn av erosjon, overbeiting og manglende tilbakeføring av organisk materiale truer produktiviteten i store områder av verdens jordbruksland.

Vi bærer alle i oss forurensinger fra en mengde kjemikalier. I en undersøkelse nylig ble tjue leger og sykepleiere testet for 62 ulike kjemiske stoffer i blodet og urinen – de fleste av dem organiske kjemiske stoffer som flammehemmere og stoffer som brukes i produksjon av plast. Resultatene viste at hver deltaker i undersøkelsen hadde minst 24 kjemiske forurensningsstoffer i kroppen. To deltakere hadde så mye som 39 og alle hadde bisfenol a og noen former for ftalater¹⁴.

Selv om leger og sykepleiere vanligvis utsettes for større mengder kjemikalier enn folk flest, er vi alle utsatt for disse og andre kjemiske stoffer som ikke hører hjemme i kroppene våre, og som mest sannsynlig har

en negativ virkning på vår helsetilstand. Av de 84 000 kjemiske stoffene som er i kommersiell bruk i USA, mangler vi kunnskap om sammensetningen og mulige skadevirkninger for 20 % (nærmere 20 000) av dem. Innholdet i disse stoffene kommer under kategorien «handelshemmeligheter», og kan holdes hemmelig med loven i hånd.¹⁵

Arter forsvinner stadig raskere. Leveområdene deres ødelegges ikke bare av global oppvarming men også gjennom direkte menneskelige inngrep. I en ny undersøkelse ble det anslått at over 17 000 dyr og planter står i fare for å bli utryddet.¹⁶ Undersøkelsen tok for seg over 2 800 nye arter sammenlignet med 2008, viser at mer enn ett av fem av alle kjente pattedyr, over en fjerdedel av alle krypdyr og 70 % av alle planter er truet. «Disse resultatene er bare toppen av isfjellet», uttalte Craig Hilton-Taylor, som er ansvarlig for listen. Han mener at mange andre arter som ennå ikke er med i undersøkelsen, også kan være alvorlig truet.» Ettersom artene forsvinner, begynner økosystemer som avhenger av mengden av arter, å kollapse. En av de mange virkninger av økosystem kollapser og blir artsfattigere, ser ut til å være mer overføring av smittsomme sykdommer.¹⁷

Det er udiskutabelt at jordens økologi – selve det systemet som opprettholder livet som både menneskene og andre arter er avhenger av – er under konstante og alvorlige angrep av menneskelig aktivitet. Det er også klart at virkningene av å fortsette som før vil få katastrofale følger. Verdens mest berømte klimaforsker, direktør for NASAs Goddard-institutt for studier av verdensrommet James Hansen, har slått fast:

«Planeten Jorden, skapelsen, den verden der sivilisasjoner har utviklet seg, den verden med klimamønstre som vi kjenner og stabile kyster, er i umiddelbar fare. ... Den rystende konklusjonen er at fortsatt utnyting av alle fossile

brennstoffer på jorden ikke bare truer de andre artene på planeten, men også menneskenes mulighet til å overleve – og tidsperspektivet er kortere enn vi har trodd».¹⁸

Problemene begynner og ender heller ikke med de fossile brennstoffene, men er så omfattende at de dreier seg om hele den menneskelig-økonomiske utvekslingen med omgivelsene.

En av de siste og viktigste nyhetene innen vitenskapen økologi er begrepet «planetgrenser», der ni kritiske grenser/terskler for systemene på jorden har blitt satt opp i forhold til:

- 1) klimaendringer
- 2) forsuring av havet
- 3) ødelegging av ozonlaget
- 4) grensen for biokjemisk flyt (nitrogen-syklusen og fosforsyklusen)
- 5) forbruket av ferskvann på jorden
- 6) endringer i bruk av jorden
- 7) tap av biologisk mangfold
- 8) aerosolopphopning i atmosfæren
- 9) kjemisk forurensing

Hver av disse skal være essensielle for å opprettholde et relativt vennlig klima og vennlige miljøforhold slik det har eksistert de siste tolv tusen årene (holosen-epoken). Grensene i tre av systemene for å opprettholde dette – klimaendring, biologisk mangfold og nitrogensyklusen – kan vi alt ha passert.¹⁹

II. Felles grunnlag: Oppheve business som vanlig

Vi er enige med de mange miljøforkjemperne som har konkludert med at å fortsette med «business as usual» vil føre til global ulykke. Mange har bestemt seg for at vi, for å begrense menneskenes økologiske fotavtrykk på jorden, trenger en økonomi – spesielt i de rike landene – som ikke vokser. Det trenger vi både for å bli i stand til å stanse, og om mulig snu, tendensen til